

Møteinnkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad: Ungdomshuset, Fresvik
Dato: 22.06.2015
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post fmsfano@fylkesmannen.no. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Varamedlemer som er innkalla:

Therese Turlid
Marianne Øren

Møtet startar i ungdomshuset med behandling av saker på saklista. Etter møtet ca 12.00, vert det synfaring i Storedalen i Fresvik. Me køyrer bil til stølen Engi og går inn til Storøyna. Det er lett terreng på sti, men viktig med gode sko og kle etter veret.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 14/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 15/15	Underskrift av protokoll frå førre møte		
ST 16/15	Nærøyfjorden landskapsvernområde - oppretting av elveløp i Helgedøla og elvløp ved Storøyna i Fresvik. Motorferdsle i samband med tiltaka		2014/4528
ST 17/15	Nærøyfjorden landskapsvernområde - dispensasjon til landing med helikopter på Nebbet for vedlikehald av måleutstyr		2014/2136
ST 18/15	Bleia naturreservat - organisert formidlingstur til inste Drøfta		2015/1091
ST 19/15	Nærøyfjorden landskapsvernområde - persontransport med helikopter til Nedbergo		2015/1918
ST 20/15	Bleia-Storebotnen landskapsvernområde - klagebehandling på avslag om persontransport med snøskuter til Storebotnen		2015/1325
DS 1/15	Nærøyfjorden landskapsvernområde - avslag på søknad om snøskutertransport til Jashaughytta i Fresvik-Jordalen		2015/558
DS 2/15	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Skogane		2015/890
DS 3/15	Nærøyfjorden landskapsvernområde - dispensasjon til landing med helikopter ved Grindaflethytta		2014/1745
RS 2/15	Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldloven § 48		2015/1388
RS 3/15	Nærøyfjorden Landskapsvernområde - løyve til tiltak i samband med bygging av Holmen Kraftverk		2015/1154
RS 4/15	Referat frå møte med arbeidsgruppa 19.05.15 om erosjon i standsona i Nærøyfjorden		2014/4243
RS 5/15	Orienteringsmøte spenningsoppgradering kraftledning Aurland - Sogndal		2014/1134

ST 14/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 15/15 Underskrift av protokoll frå førre møte

Arkivsaksnr: 2014/4528-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 28.05.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	13/15	04.06.2015
Nærøyfjorden verneområdestyre	16/15	22.06.2015

Nærøyfjorden landskapsvernområde - oppretting av elveløp i Helgedøla og elveløp ved Storøyna i Fresvik. Motorferdsle i samband med tiltaka

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Fresvik beitelag løyve til å retta opp elveløpet i Helgedøla og retta opp elva frå Huldafossen som baae renn inn på beite og kulturlandskap i Storøyna. Det kan nyttast gravemaskin til arbeidet i perioden frå og med 23. juni til og med 31. juli 2015. Løyve er gjevne med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 1. ledd fyrste alternativ. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

Oppretting av elveløp i Helgedøla:

- Elva kan først tilbake til det austre elveløpet som er hovudløpet for elva
- Elva kan stengast der det er naturleg avgrensing ved to store steinar på ca. høgdekote 495 moh. Ryggen med lausmassar som er lagt att etter flaumen kan flyttast for å føra elva over i det austre elveløpet.
- Det vestre elveløpet bør ikkje stengjast heilt, men kunne vera eit flaumløp.

Oppretting av elveløp frå Huldafossen ved Storøyna:

- Massar i elveløpet frå Huldafossen ved Storøyna kan fjernast slik at elva ikkje renn inn på beite
- Elva skal ikkje kanalisrast i eitt elveløp men renne i elveløpa som er der i dag

Motorferdsel:

- Det kan nyttast gravemaskin på opptil 30 tonn til arbeidet i elveløpet i Helgedøla. I elva ved Storøyna kan det nyttast gravemaskin på inntil 16 tonn
- Køyringa må føregå på ein måte som er mest mogleg skånsamt for naturmiljøet, og set minst mogleg spor i terrenget. Elveløp skal difor nyttast dersom det er mogleg.

- For tilkomst til område kan det køyrast i Storelvi. Naudsynt drivstoff til gravemaskinene kan fraktast oppover i vassdraget med traktor. Det må ikkje koma drivstoff i vassdraget under tankfylling eller transport.
- Gravemaskin, drivstofftank og alt utstyr skal køyrast ut av området så snart arbeidet er gjennomført og innan 30. juni 2015

Vilkår som gjeld for alle løyve:

- Omfanget av arbeidet med graving og masseflytting skal avgrensast til det som er strengt naudsynt
- Massar som vert rydda ut av elveløpet skal leggjast langs elvekanten med ujamn kant. Det skal ikkje vera elveforbygging med jamn steinsett elvekant
- Det skal ikkje gravast i elvebotnen, som skal vera mest mogleg intakt
- Elvekantane skal ha ei naturleg avslutning, og ikkje ha køyrespor på toppen av elvekanten
- Det er eit mål at elveløpa skal sjå mest mogelig naturleg ut når arbeidet er gjennomført. Forvaltar skal vera med på sluttsynfaring av arbeidet, og kan koma med pålegg om tiltak og etterarbeid som skal gjerast for å godkjenna arbeidet som ferdig

Dette løyvet gjeld berre tilhøva etter verneforskrifta. Det må i tillegg innhentast naudsynt løyve til motorferdsel frå aktuelle grunneigarar og Vik kommune.

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 04.06.2015

Vedtak

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Fresvik beitelag om utviding av løyve til tiltak i Nærøyfjorden landskapsvernområde for tilbakeføring av elveløp etter flaumskade, datert 22.05.2015
- Vedtak i Nærøyfjorden verneområdestyre sak 36/14, 16.12.14

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden 2007
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009

28. oktober 2014 var det store nedbørsmengder på fleire stader på Vestlandet, blant anna i Fresvik. Dette førte til flaum i fleire vassdrag. Nokon av elvane som gjekk flaumstore i Fresvik er i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Helgedøla og elva ved

Storeøyna var nokre av desse. 16.12.14 gav Nærøyfjorden verneområdestyre løyve til naudsynte tiltak med opprydding etter flaumen (sak 36/14).

Helgedøla

I Helgedøla vart det gjeve løyve til å føra elva tilbake til opphavleg elveløpa. På grunn av store snømengder i vinter, har det ikkje vore mogleg å gjennomføre arbeidet i Helgedøla og Lauvhoggelvi som planlagt. Under synfaringa som beitelaget hadde i byrjinga av mai, viste det seg at Helgedøla hadde brote ut i nytt løp høgare opp enn det som kom fram under synfaringa i fjor haust. Det er fare for at elva ved stor vassføring på ny kan bryte ut av løpet og føre til utgraving av beite og det verdifulle kulturlandskapet i Storøyna. I landskapet viser det at elva også tidlegare har teke seg nye løp. Dei to tydelegaste løpa er der elva renn no etter flaumen, og det tørrlagde austre elveløpet som er det djupaste elveløpet. Ved å føra elva tilbake til det austre elveløpet vil det vera mindre fare for at elva på nytt bryt nytt løp og inn på Storøyna. På bildet under er det austre tørre elveløpet til venstre for dei to personane.



Foto: Bilde frå søknad til beitelaget

Beitelaget søker om å flytta hovudløpet for elva tilbake til det austre elveløpet ved å stengja det vestre løpet der elva snevrar inn ved to store steinar. Det vestre elveløpet der elva renn i dag, og med dei store steinane, viser på bildet under.



Foto: Bilde frå søknad frå beitelaget

Det har vore gjennomført fleire synfaringar av skadane etter flaumen der både NVE, grunneigarar, takstmann frå naturskadefondet, lensmann i Vik og verneområdeforvaltar

har vore med. Grunneigar Jardar Bøtun og forvaltar var på synfaring i Helgedøla 27. mai for å sjå på dei nye tiltaka det vert søkt om. NVE har sett på søknaden frå beitelaget og har ingen innvendingar til tiltaka det er søkt om.

Elva frå Huldafossen

Under synfaringa 27. mai var me i tillegg og såg på elva frå Huldafossen som har teke nytt løp inn på beite i Storøyna. Elva renn her over eit flatare område og deler seg i fleire naturlege elveløp. På bildet under viser det korleis elva har teke nytt elveløp innover beite og ført med seg grusmassar. Grunneigar ynskjer å opne opp att elveløpet nærmast beitet for å få elva tilbake i opphavleg elveløp. Dette er eit mindre tiltak som kan gjerast med den minste gravemaskina på 16 tonn.



Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

Nærøyfjorden landskapsvernområde er «..verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter» jf. verneforskrifta § 3, pkt.1.1. Området er verna mot «...sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral...» jf. § 3 pkt. 1.1. a).

Vedlikehald av bruer, rydding av beite, og hogst når det er flater mindre enn 5 da, kan gjerast utan særskilt løyve etter verneforskrifta jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.2 b, c og d).

Verneområdestyret må i kvart enkelt tilfelle vurdera om eit tiltak er vedlikehald eller søknadspiktig etter verneforskrifta.

Tiltaka med oppreinsking av elveløp er ikkje nemnt under dei spesielle dispensasjonsreglane, og må difor vurderast etter naturmangfaldlova § 48 1 ledd, fyrste alternativ; *«Forvaltingsmyndigheten kan gjøre inntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig»*.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Det er ingen kjente førekomstar av trua naturtypar eller artar (Naturbase 10.12.2014) i området. Mykje av kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplan for Nærøyfjorden, og gjennom synfaringar med grunneigarar og NVE. Lenger ned i vassdraget, utafor landskapsvernområdet, er det fortsatt arbeid med elveforbygging. Leveområde for fisk i vassdraget har vorte endra både under flaumen og under det pågåande oppreinskingsarbeidet. For å unngå skade på neste generasjon fisk, bør arbeid i elva vera slutført før ny gytesesong for sjøaure i haust. Kunnskapen om området (nml § 8) og tiltaket er vurdert som god i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml § 9 er difor ikkje tillagt vekt.

Oppreinsking av elveløpet, og tilbakeføring av elveløpet til opphavleg løp vil, om det vert utført slik at tiltaka framstå som naturleg, i liten grad endra på karakteren til landskapet og vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Flaumar ein viktig naturleg prosess i forming av landskapet, men når denne endringa som følgjer av flaum kan føra til skade på andre verneverdiar i området, som stiar og kulturlandskap, må desse omsyna vektleggjast. I dette tilfellet vil tiltaka vera med på å ta vare på kulturlandskapet med beite og ferdselsveggar. Skadane frå flaumen er ekstraordinære, og faren for ytterlegare skade gjer det naudsynt og gjennomføra tiltak i elva. Det er sett vilkår om at flytting av steinmassar ikkje skal føra til at det vert laga kanal i elva med plastring av sidene. Elva skal kunne renne mest mogleg naturleg, og elveløpa skal framstå som naturlege. Det vestre elveløpet bør ikkje stengast heilt, men behaldast som eit flaumløp. Forvaltar vurderer den samla belastninga av tiltaka til å vera på eit akseptablet nivå for naturmiljøet jf. nml § 10.

Tiltaket skal gjennomførast med den driftsmetoden som gjev best resultat for naturmiljøet jf. nml § 12. Det må nyttast gravemaskin for å flytte på steinmassane. Køyring i elveløpet og graving skal avgrensast til det som er naudsynt for å flytte elva over til hovudløpet. Driftsmetoden er vurdert til å vera den einaste moglege metoden for å gjennomføra desse tiltaka, og vil føra til liten skade på naturmiljøet utover den tida gravearbeidet pågår.

§ 11 i nml er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og nml §§ 8-12, meiner forvaltar tiltaka det er søkt om ikkje er i strid med verneforskrifta eller er til nemneverdig skade på verneverdiane jf. naturmangfaldlova § 48 under føresetnad om at tiltaka vert gjennomførde på ein slik måte at elvane i størst mogleg grad framstår som naturlege. Det skal difor vere ei sluttsynfaring, og forvaltar kan påleggje tiltak og etterarbeid før arbeidet er godkjend. Forvaltar innstiller på å gje dispensasjon etter verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 til å retta opp elveløpet i Helgedøla og elveløpet ved Storøyna, og til naudsynt motorferdsle i samband med tiltaka.

Arkivsaksnr: 2014/2136-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 29.05.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	12/15	04.06.2015
Nærøyfjorden verneområdestyre	17/15	22.06.2015

Nærøyfjorden landskapsvernområde - dispensasjon til landing med helikopter på Nebbet for vedlikehald av måleutstyr

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Aurland kommune løyve til 1 landing med helikopter på Nebbet i Gudvangen i samband med kontroll og vedlikehald av montert måleutstyr. Løyvet gjeld for perioden frå og med 23. juni til og med 30. august 2015. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 1. ledd, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Omfanget av motorferdsel skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for og gjennomføre tilsyns- og vedlikehaldsarbeid.
- Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som råd er unngår å uroe desse.
- Løyvet gjeld kvardagar, og bør ikkje nyttast søndag og heilag dagar dersom det ikkje er strengt naudsynt.
- Statens naturoppsyn v/ Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 970 97 720) skal varslast på førehand om gjennomføring av helikoptertransporten.
- Innan 1. oktober 2015 skal det sendast rapport til Nærøyfjorden verneområdestyre om flygingane, og ein kort rapport om målingane på fjellet.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld forhold etter verneforskrifta.

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 04.06.2015

Vedtak

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Aurland kommune v/Rosenvold om løyve til landing på Nebbet, datert 27.05.2015

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden 2007

Fjellet Nebbet i Nærøydalen har sprekkdanningar og er ustabil. Nebbet ligg innafor Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det er fare for at steinblokker kan løyse ut og rase ned i Hallinggrovi. Aurland kommune og NGI har vurdert faren for ras så stor i dette området at det er trong for måleutstyr for å fylgja med på utviklinga i fjellsprekken. I 2011 gav Fylkesmannen i Sogn og Fjordane løyve til montering av måleutstyr på Nebbet. Verneområdestyret gav løyve til å lande med helikopter på Nebbet i samband med kontroll og vedlikehald av måleutstyret i 2012, 2013 og 2014. Aurland kommune har rapportert om to landingar på Nebbet i 2013. I 2014 vart det ikkje gjennomført flyging og kontroll. Dei rapporterer om fortsatt stor fare for steinsprang i området. Kommunen søker om løyve til ei landing med helikopter i 2015 for å kontrollera utstyret. Flyginga vil vera i perioden juni til ut august, avhengig av snøforholda.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med ein mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.
«Motorferdsle på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter og landing» jf. verneforskrifta § 2.1.

Forvaltningsstyresmakta kan i fylgje naturmangfaldlova § 48 *«...gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

I fylgje verneforskrifta er all motorferdsel forbode i verneområdet. I denne saka vert det vurdert om dispensasjon til landing og lågtflyging er i strid med føremålet i vernevedtaket, og om det kan påverka verneverdiane nemneverdig.

Kunnskapen om naturverdiane i området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, og registreringar av rovfugl og villrein. Det er ikkje kjente førekomstar med hekkande rovfuglar i området det er aktuelt med landing og lågtflying. Kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfaldlova § 8 er vurdert som god for å vurdera saka, og føre-var-prinsippet § 9 er difor ikkje tillagt vekt i denne saka. Det er viktig å halda motorferdsel i verneområdet på eit lågast mogleg nivå, av omsyn til naturverdiane og friluftslivet. Måleutstyret som er montert på Nebbet er viktig for å ha best mogleg kunnskap om sprekkdanninga i fjellet for å kunne varsla om mogleg skred. Kontroll av utstyret er avgjerande for å få gode resultat av målingane. På telefon med søkjar vert det opplyst at det berre vil vera naudsynt med inntil to landingar og ein flyging for fotografering. Forvaltar vurderer flyginga til å vera på eit akseptabelt nivå jf. naturmangfaldlova § 10. Det er lite fare for miljøforring ved flyginga og landingane, og § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka. For å få mest mogleg effektiv kontroll av måleutstyret, og kunne ta bilde av fjellsida, er bruk av helikopter den einaste transportmetoden som er mogleg i dette området. Flyginga vil berre føra til uro den tida den pågår, og vil i liten grad påverka naturverdiane i området. Bruk av helikopter er vurdert til å vera miljøforsvarleg til dette føremålet jf. naturmangfaldlova § 12. Bruk av helikopter for å betre tryggleiken i området meiner forvaltar ikkje er i strid med verneformålet, og det påverkar verneverdiane i liten grad. På denne bakgrunn, og vurderingane etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til lågtflyging og landing med helikopter med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Arkivsaksnr: 2015/1091-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.06.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøysfjorden verneområdestyre	18/15	22.06.2015

Bleia naturreservat - organisert formidlingstur til inste Drøfta

Innstilling frå forvaltar

Nærøysfjorden verneområdestyre gjev Nærøysfjorden Verdsarvpark løyve til å arrangera tur til inste Drøfta 8. august 2015. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Bleia naturreservat § 5 pkt. 4. Løyve er gjeve med fylgjande vilkår:

- Maksimum tal deltakarar på turen er 30 personar inkludert arrangør og guide.
- Ferdslar i inste Drøfta må skje med største varsemd for å unngå å skada den sårbare vegetasjonen i inste Drøfta.
- Turfylgje skal gå ned på den austlege sida av ura i inste Drøfta for å unngå dei mest sårbare områda.
- Det skal vera to turleiararar i regi av Statens naturoppsyn med på turen.
- Statens naturoppsyn planlegg turen i inste Drøfta saman med forvaltar.
- Rapport frå turen skal sendast til sekretariatet innan 1. oktober 2015.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Nærøysfjorden Verdsarvpark om løyve til organisert tur i Bleia naturreservat, 16.03.2015

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøysfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2000
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøysfjorden 2007

Nærøysfjorden Verdsarvpark planlegg fire ulike turarrangement i samband med markeringa av 10-års jubileet for Vestnorsk fjordlandskap sin verdsarvstatus. Tur i Bleia naturreservat er ein av desse turane, og den er planlagt 8. august i år. Turen er planlagt å gå Vindedalen til Hausafjellet, ned i inste Drøfta og ned til fjorden. Det vert båttransport tilbake til Vindedalen. Målet med turen er å skape opplevingar og læring

om verdsarvlandskapet og naturverdiane. I søknaden er det opplyst at det er gjort avtale med Rein Arne Golf i Statens naturoppsyn om å vera guide og kjentmann på turen. I ettertid er det gjort avtale med Kristoffer Ullern Hansen og Tom Dybwad om å vera turleiarar. Arrangør har sett ei maksimumsgrense på 30 deltakarar på turen.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med fredinga er å sikre ein lokalitet med urvalmue (*Papaver radicum ssp. relictum*) av særleg vitenskapleg verdi og eit særmerkt fjordlandskap sin kvartærgeologi med uvanleg storskala ravinar og fjellryggar, og med eit botanisk og urskogprega verdfullt område frå fjord til høgfjell». Det er forbod mot organisert bruk av naturreservatet. Reglane er ikkje til hinder for organiserte turar i regi av turlag og liknande for ferdsel i naturreservatet med unntak av turar i inste Drøfta jf. § 4 pkt. 4. Forvaltninga kan gje løyve til avgrensa bruk av reservatet i samband med undervisning jf. § 5 pkt. 4.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Eit av verneføremålet i Bleia naturreservat er å sikra ein lokalitet av urvalmue. Inste Drøfta er ein av to stader i landet denne planten veks. Urvalmuen gjer området svært interessant biologisk og av stor vitenskapleg verdi. Planten veks på rasmark og er ein pionerart. Den er avhengig av open mineraljord med hyppig og jamleg frekvens av snøskred. Området den veks i er lausmassar som lett rasar ut. Ferdsel som gjev erosjon i vekstsesongen kan vera ein trussel for planten. Urvalmuen er ein arktisk-alpin art som er tilpassa ein kort og kjøleg vekstsesong. Ferdsel i dette området må skje med stort mogleg varsemd på vekseplassane for urvalmuen

Bleia er eit mektig fjellmassiv på over 1700 moh. Karakteristisk for område er kort avstand frå høgfjell til fjord, og med bratte fjellsider med rasmark. Bergarten er anortositt-gabbro, og rekna som middels næringsrik. Det er registrert mange ulike fjellplantar her, og i tillegg låglandsartar. Kunnskapen om området er henta frå forvaltingsplanen for Nærøyfjorden og rapport frå Universitetet i Bergen (*Åringen 2010*). Kunnskapen om området jf. nml § 8 er god for å vurdere saka. Føre-var-prinsippet jf. nml § 9 er tillagt vekt ved at det vert sett vilkår om å leggja turruta utanom dei mest sårbare områda i ura i inste Drøfta.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga på naturmiljøet jf. nml. § 10. På grunn av vanskeleg tilkomst til inste Drøfta, vil området vera skjerma for aktivitetar. Ved sjøen nedst i inste Drøfta har Lærdal fjellstyre ei hytte. Område vert nytta i samband med hjortejakt, men elles er området lite brukt. I verneforskrifta er det opning for bruk i samband med undervisning. Nærøyfjorden Verdsarvpark planlegg turen som ein formidlingstur om naturverdiane. Turen er i samband med 10 års-jubileet for UNESCO-statusen, og vil ikkje vera eit årleg arrangement. Forvaltar meiner formidling av natur- og verneverdiane er med å skapar større forståing for vernet, og kan vera positivt for interessa for å ta vare på området. I forvaltningsplan er undervisning som formidlar kunnskap om naturmiljøet og naturvern trekt fram som positivt, men med atterhald at ferdsla ikkje går ut over naturverdiane. Ved å gjennomføre ein tur i denne spesielle samanhengen, meiner forvaltar belastninga på området er akseptabel. 30 deltakara på turen er i meste laget med tanke på at turleiar skal ha god styring på deltakarane.

Gruppa kunne med fordel ha vore noko mindre. For å unngå at den store gruppa skal gjera skade på dei mest sårbare lokalitetane for urvalmue jf. nml. § 12, må Statens naturoppsyn planleggja turen godt og leggja ruta til område med fastare vegetasjon. Det er sett krav om to turleiarar på turen slik at turleiarane er fordelt med ein som går fremst og leiar gruppa og ein som går i bakre del av gruppa. Detaljplanane for turen i inste Drøfta skal gjerast i samråd med forvaltar.

§ 11 i nml er vurdert til ikkje å vera relevant i denne saka.

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8 til 12 og verneforskrifta for Bleia naturreservat, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til planlagt tur i inste Drøfta.

Arkivsaksnr: 2015/1918-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.06.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	19/15	22.06.2015

Nærøyfjorden landskapsvernområde - persontransport med helikopter til Nedbergo

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyret avslår søknad om persontransport til Nedbergo. Avslaget er heimla i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 2.1 og naturmangfaldlova § 48.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Trygve Skjerdal om landingsløyve for helikopter – Undredal og Nedbergo, datert 25.05.2015

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Trygve Skjerdal søker på vegne av slektsstemne i Nedbergeslekta om persontransport med helikopter til Nedbergo. Transporten skal vera frå Undredal til Nedbergo med 2 turar kvar veg, 4 turar i alt. Det vil gje fire landingar på Nedbergo. Stevna skal vera 10. – 12. juli 2015. 10. juli er det planlagt tur til Nedbergo for at slekta skal få oppleve slektsgarden Nedbergo. I søknaden vert det opplyst at dei fleste vil gå til Nedbergo, men nokon av deltakarane er ikkje i stand til å gå frå fjorden og opp til Nedbergo på grunn av alder. Helikoptertransporten gjeld for dei som ikkje er i stand til å gå til Nedbergo.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

«Motorferdsle på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter og landing» jf. verneforskrifta § 2.1.

Etter verneforskrifta er det forbod mot landing i verneområdet. Denne søknaden må difor vurderast som unntak i særskilt høve. Forvaltningsstyresmakta kan i fylgje naturmangfaldlova § 48 1. ledd *«..gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Transporten til Nedbergo gjeld persontransport i samband med slektstemne. Alle er etterkomarar frå folk som har budd på Nedbergo. Det er ingen av deltakarane på stemna som har budd på garden, og har difor ikkje sjølve særskilt tilknytning til Nedbergo ved å ha budd på garden. Gardsdrifta på Nedbergo vart lagt ned i 1960. No vert dei to gardane på Nedbergo nytta til fritidsføremål. Det er utarbeid skjøtselsplan for Nedbergo. Planen vart godkjent i 2014 (*Nærøyfjorden verneområdestyre, rapport nr. 1 - 2014*).

Motorferdsel er forbode i landskapsvernområde med nokon unntak. Det er ikkje unntak for persontransport. Saka må difor vurderast etter dispensasjonsregelen i naturmangfaldlova § 48 1. ledd fyrste alternativ. I verneområde skal motorferdsle haldast på eit så lågt nivå som mogleg. Slik aktivitet gjev uro og støy som reduserer opplevingsverdien i området. I forvaltningsplanen er det sett opp føringar for vurdering av søknaden om motorferdsel. Om persontransport står det fylgjande; *«Landing med og transport av personar i verneområde er i utgangspunktet forbode. Slike løyve vil normalt heller ikkje bli gjeve»*. Forvaltar kan ikkje sjå at det er særlege grunnar som tilseier at denne søknaden bør vurderast på ein anna måte enn føringane i forvaltningsplanen.

Ein eventuell dispensasjon må vurderast om den kan gje presedens for liknande saker i dette eller andre verneområde. Dersom eit løyve vil skape presedens, bør det ikkje gjevast dispensasjon frå verneforskrifta. Det er fleire høgdegardar både i dette og andre verneområde som kan vera vanskeleg tilgjengeleg for rørslehemma og eldre. Det kan difor koma liknande søknader frå andre område, og denne saka vil difor gje presedens for liknande saker.

Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplan for Nærøyfjorden, skjøtselsplan for Nedbergo og Naturdatabasen. Det er ikkje registrert trua artar eller naturtypar

(Naturbase 08.06.2015) i dette området som vil verta skada av transporten. Kunnskapen om området er vurdert som god for å vurdere saka, jf. nml § 8, og føre-var-prinsippet i nml § 9 er difor ikkje vektlagt i denne saka. I Nærøyfjordområdet og Undredal er det stor aktivitet innan reiseliv om sommaren. Det er stor båttrafikk på fjorden som medfører ein del støy. Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga eit tiltak har på naturmiljøet jf. nml § 10. For ikkje å få unødig støy i området, må auka motorisert ferdsel vurderast strengt ut frå trongen for transporten. Forvaltar vurderer den samla belastninga av motorstøy i området som så pass stor at det ikkje bør gjevast løyve til transport når det ikkje er naudsynt for ivaretaking av verneverdiane, eller til tiltak det er gitt opning for i verneforskrifta. Sjølv om transporten i dette tilfelle ikkje vil skada verneverdiane isolert sett, vil auka motorferdsel samla sett føra til auka uro. Samla effekt av fleire tilsvarande tiltak vil redusere verneverdiane og vera i strid med verneføremålet, og i tillegg skape presedens for meir uønskt og unødvendig helikoptertransport. Verneområdeforvaltninga har ikkje høve til å vektleggja omsynet til kvar enkelt sitt ynskje om å koma til vanskeleg tilgjengelege område når formålet med transporten ikkje er naudsynt transport.

§ 11 er ikkje vurdert då det er innstilt på avslag i saka.

Dei fleste av deltakarane på slektstemna kan gå til Nedbergo. Dette er den beste måten å koma til Nedbergo på ut frå omsynet til naturmiljøet jf. nml § 12.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar transporten er i strid med verneforskrifta, og innstiller på at det ikkje kan gjevast dispensasjon til transporten etter naturmangfaldlova § 48 og søknaden vert avslått.

Arkivsaksnr: 2015/1325-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 03.06.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	20/15	22.06.2015

Bleia-Storebotnen landskapsvernområde - klagebehandling på avslag om persontransport med snøskuter til Storebotnen

Innstilling frå forvaltar

Klagen frå Aurland Fjellstyre på vedtak i arbeidsutvalet i Nærøyfjorden verneområdestyre sak 6/15, vert ikkje tatt til fylgje av Nærøyfjorden verneområdestyre. Nærøyfjorden verneområdestyret opprettheld vedtaket i arbeidsutvalet;

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Aurland Fjellstyre avslag på søknad om å bruka snøskuter for å køyra medlemene i Aurland Fjellstyre til fjellstyret si hytte i Bleia – Storebotnen landskapsvernområde. Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta for Bleia - Storebotnen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Klage frå Aurland Fjellstyre på vedtak i arbeidsutvalet i Nærøyfjorden verneområdestyre sak 6/15, datert 27.04.15
- Vedtak i arbeidsutvalet i Nærøyfjorden verneområdestyre sak 6/15, 10.04.15
- Søknad frå Aurland Fjellstyre om dispensasjon frå verneforskrifta for Bleia-Storebotnen landskapsvernområde i samband med planlagt synfaring og transport til fjellstyrehytte i Aurland nordre statsallmenning, datert 27.03.2015

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Bleia – Storebotnen landskapsvernområde av 08.10.2004
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

I sak 6/15 gjorde arbeidsutvalet i Nærøyfjorden verneområdestyre fylgjande vedtak;

«Arbeidsutvalet i Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Aurland Fjellstyre avslag på søknad om å bruka snøskuter for å køyra medlemene i Aurland Fjellstyre til fjellstyret si hytte i Bleia – Storebotnen landskapsvernområde. Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta for Bleia - Storebotnen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48».

Fakta om saka frå saksframlegg 6/15 i arbeidsutvalet i verneområdestyret:

«Aurland Fjellstyre søker om løyve til snøskutertransport til fjellstyrehytta ved nedsta Storebotnvatnet i Bleia- Storebotnen landskapsvernområde. Dette er ei hytte som står open til allmenn bruk. Fjellstyret har planar om ei kombinert synfaring og transport av ved m.m. til hytta onsdag 15. april 2015. Føremålet med turen er at fjellstyret skal kunna vurdera alternative plasseringar av hytta. Hytta ligg i nærleiken av kraftlinja som går gjennom området. Statnett planlegg oppgradering av kraftlinja. Planane viser at den nye linja vil koma nærare fjellstyret si hytta enn linja som går der i dag, og hytta må difor truleg flyttast.

Det er 7 personar som skal vera med på synfaring (5 medlemmer i fjellstyret og 2 tilsette i fjelloppsynet). Dei skal bruka 4 snøskuterar til transporten. På turen tek dei med ved og varer til hytta, og bos heimatt. Fjelloppsynet opplyser at dei skal bruka to snøskuterar til denne vedtransporten. To av skutrane skal nyttast til persontransport. Turen går frå Kvammadalen og kjem inn i verneområdet ved Eterhaug».

I klagen frå Aurland Fjellstyre er det ikkje lagt fram nye moment i saka. Aurland Fjellstyre ber om klagen på vedtaket i arbeidsutvalet i verneområdestyret vert behandla av Nærøyfjorden verneområdestyre.

Reglande for klagebehandling er heimla i forvaltningslova § 33. Nærøyfjorden verneområdestyre kan gjera om vedtak som er fatta av arbeidsutvalet i verneområdestyret. Dersom styret ikkje endrar vedtaket i arbeidsutvalet, skal saka sendast vidare til klageinstansen Miljødirektoratet til endeleg behandling.

Vurdering

Det ikkje er kome inn nye moment i saka. Forvaltar ser difor ikkje at det er grunnlag for å gjera nye vurderingar i saka. I saksframlegget frå forvaltar vart det lagt vekt på at det finst alternativ til motorferdsel i verneområdet for å gjennomføra synfaringa. På barmark er det skogsbilveg nær opp til vernegrensa. Frå skogsbilveg er det mellom 2 til 3 km å gå til fjellstyrehytta. Forvaltar rår difor til at vedtaket om avslag på søknaden om persontransport med snøskuter til Storebotnen vert oppretthalde.

I saksframlegget til sak 6/15 var det lagt fram fylgjande vurdering:

«Etter informasjon frå Statnett, vil hytta til Aurland fjellstyre ved Storebotnvatnet verta liggjande nærare kraftlinja etter oppgradering enn den gjer i dag. Det er difor grunnlag for å vurdera flytting av hytta. Også verneområdestyret skal behandla søknad om flytting av hytta. Statnett har hatt melding om oppstart av arbeidet med kraftlinja ute på høyring, og arbeidet med konsekvensutgreiing av saka er sett i gang. Dette arbeidet er ikkje lagt fram endå. Saka er venta lagt ut på høyring av NVE i 2015, og planlagt byggestart er 2017. Etter forvaltar si vurdering, vil det vera langt meir føremålstenleg og naudsynt å sjå på alternativ plassering av hytta på barmark i staden for når det er snø. Det vil vera god tid til å planleggje og ta ei synfaring på barmark medan saka er ute på høyring sidan byggestart er planlagde først i 2017. Også for forvaltar og kan hende

delar av verneområdestyret, vil det vere aktuelt med synfaring i denne saka, men då på barmark. Den beste løysinga er etter forvaltar sitt syn å ha ei fellessynfaring for forvaltar/verneområdestyret og fjellstyret/fjellopsynet. Tilsette i Fjellopsynet har god kunnskap om snøforholda ved hytta ved Storebotnvatnet og kan gje informasjon til fjellstyremedlemene og forvaltar.

Forvaltninga skal vurdere kva som er den beste transportmetoden ut i frå omsynet til naturmiljøet jf. nml. § 12. I dette tilfellet er det gode moglegheiter for å koma til Storebotnen til fots på sommartid. Frå fjorden i Nordheimsdalen er det god sti til Storebotnen. I Frønningen er det bygd skogsbilveggar heilt opp til grensa til verneområdet. Frå enden av skogsvegen til fjellstyret si hytte er det omlag 2 km å gå. Viss det er viktig å spare tid på ei synfaring på barmark, kan det vera ei løysing å spørje grunneigar på Frønningen om løyve til å køyra bil på skogsvegen. I forvaltningsplan vert det vist til at det er eit mål å halda motorferdsle og bruk av snøskuter på eit lågt nivå. Det skal berre gjevast løyve til motorferdsel til det som er strengt naudsynt, og når det ikkje er andre alternative transportmåtar. Aurland fjellstyre har løyve i verneforskrifta til transport til fjellstyrehyttene, og køyrer kvart år 2 turar inn til Storebotnvatnet med ved, proviant og utstyr. Tilsette i Fjellopsynet er godt kjende i området og med snøtilhøva på vinteren.

Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 er henta frå forvaltningsplan for Nærøyfjorden og informasjon frå Aurland Fjellstyre om villreinen sin bruk av området. Bleia – Storebotnen er ein del av Nordfjella villreinområde. Denne vinteren er det ikkje observert villrein i Storebotnen. Det er ikkje kjende raudlisteartar eller sårbare naturtypar i området (Naturbase 07.04.2015), men i Storebotnen er det kalkrike område i fjellet som er teikna inn som viktig naturtype. Kunnskapen om området vert vurdert som god for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml § 9 er ikkje vektlagt i saka. Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml § 10. Det er gjeve løyve til Aurland og Lærdal Røde Kors hjelpekorps til ein kjentmannstur i området frå Kvammadalen til Bleia. Det er elles liten aktivitet med motorisert ferdsle innafor verneområdet. Motorferdsel gjev uro og støy som reduserer verneverdiane, jf. retningslinjene i forvaltningsplanen. Det er viktig av omsyn til verneverdiane og friluftslivet å unngå unødige motorferdsel i verneområdet. I denne saka kan ein unngå auka belastninga på naturmiljøet i verneområdet ved å gjennomføra synfaringa på sommaren, og nytta lokalkunnskapen til dei tilsette i Fjellopsynet.

For å gje løyve etter den generelle dispensasjonsregelen, skal forvaltninga vurdere om tiltaket er i strid med verneføremålet og om tiltaket er til vesentleg skade på verneverdiane. Motorferdsel med snøskuter vil føra til støy i eit område som er lite tilgjengeleg og lite uroa av støy frå før, og køyring med to ekstra snøskuterar no over ei lang strekning i høve til alternativa på barmark, er etter forvaltar sitt syn unødvendig motorferdsel og støy. Synfaringa kan gjennomførast på ein god måte utan motorferdsel i verneområdet. Ved å opna for persontransport i dette tilfellet, kan det føra til uheldig presedens for liknande saker i dette og andre verneområde. Auka støy vil også svekka verneverdiane i området. Forvaltar vurdere på denne bakgrunn at det ikkje kan gjevast løyve til persontransporten med heimel i naturmangfaldlova § 48. § 11 i nml er ikkje vurdert då det er innstilt på avslag i saka».

DS 1/15 Nærøyfjorden landskapsvernområde - avslag på søknad om snøskutertransport til Jashaughytta i Fresvik-Jordalen

DS 2/15 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Skogane

DS 3/15 Nærøyfjorden landskapsvernområde - dispensasjon til landing med helikopter ved Grindaflethytta

RS 2/15 Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldloven § 48

RS 3/15 Nærøyfjorden Landskapsvernområde - løyve til tiltak i samband med bygging av Holmen Kraftverk

RS 4/15 Referat frå møte med arbeidsgruppa 19.05.15 om erosjon i standsona i Nærøyfjorden

RS 5/15 Orienteringsmøte spenningsoppgradering kraftledning Aurland - Sogndal

Arkivsaksnr: 2015/2072-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 17.06.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	21/15	22.06.2015

Nærøyfjorden landskapsvernområde - helikoptertransport av materiale til gapahuk ved Hovdungo

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Stig Arne Borlaug løyve til å landa med helikopter ved Hovdungo i Aurland kommune for frakt av materiale til gapahuk. Løyvet gjeld for inntil 3 landingar på ein dag frå og med 1. juli til og med 15. august 2015.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 1. ledd, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Helikopter skal landa på byggeplass for gapahuken på koordinatane (EU 39, UTM-sone 33) aust 71063, nord 6783640.
- Omfanget av motorferdsel skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for og frakt av materiale.
- Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som råd unngår å uroe desse. Det skal ikkje vera transport på søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 970 97 720) skal varslast dagen før transporten skal gjennomførast.
- Dette løyvet skal vera med i helikopteret under transport.
- Det skal sendast rapport om transporten til sekretariatet for verneområdestyret innan 01.10.2015.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld forhold etter verneforskrifta. Det må i tillegg innhentast løyve frå Aurland kommune og grunneigar.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Stig Arne Borlaug om løyve til landing med helikopter ved Hovdungo, datert 08.06.2015

- Vedtak sak 12/14, 24.03.2014, Nærøyfjorden verneområdestyre – bygging av gapahuk på Hovdungo i Undredal

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden 2007

Søknaden gjeld landing med helikopter for frakt av materiale til gapahuk. Nærøyfjorden verneområdestyre og Aurland kommune har gjeve løyve til bygging av gapahuk ovafor stølen Hovdungo i Undredal. Borlaug treng tre helikopterhiv for å frakta naudsynt materiale til gapahuken. Transporten skal gjerast på ein dag. Han vil samordna transporten med anna transport i området, og søker difor om løyve i perioden 1. juli til 15. august i år. Opplastingsplass er Langhuso i Undredal.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med ein mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.
«Motorferdsle på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter og landing» jf. verneforskrifta § 2.1.

Denne søknaden må vurderast som unntak i særskilt høve. Forvaltningsstyresmakta kan i fylgje naturmangfaldlova § 48 *«..gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og

Vurdering

I fylgje verneforskrifta er all motorferdsel forbode i verneområdet. Det må vurderast om dispensasjon til landinga er i strid med føremålet i vernevedtaket, og om det kan påverka verneverdiane nemneverdig.

Kunnskapen om naturverdiane i området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, og registreringar av rovfugl. Det er ikkje registrert sårbare og trua artar i området eller trua naturtypar (Naturbase 18.06.2015). Kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfaldlova § 8 er vurdert som god for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet § 9 er difor ikkje tillagt vekt i denne saka. I juli er tursesongen godt i gang med turgåing i området. Det er viktig å halda motorferdsel i verneområdet på eit lågast mogleg nivå av omsyn til naturverdiane og friluftslivet. Verneområdestyret har gjeve dispensasjon til å byggja gapahuken, og det er naudsynt med helikoptertransport for frakt av materiale. Det er viktig å avgrensa støy av motorferdsel i området, og det er difor positivt at Borlaug vil samordna transporten med anna helikoptertransport i området. Forvaltar vurderer uro frå flyginga i området til å vera på eit akseptabelt nivå jf. naturmangfaldlova § 10.

Det er liten fare for miljøforring ved flyginga og landingane, og § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka. Flyginga vil berre føra til uro den tida den pågår, og vil i liten grad påverka verneverdiane i området. Helikopter vil vera den beste metoden for transport av materiale til staden der gapahuken skal setjast opp. Forvaltar vurderer bruk av helikopter til dette føremålet som miljøforsvarleg jf. naturmangfaldlova § 12.

Forvaltar vurderer bruk av helikopter til dette føremålet til ikkje å vera i strid med verneformålet, og det påverkar verneverdiane i liten grad. På denne bakgrunn, og vurderingane etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til landing med helikopter med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Arkivsaksnr: 2013/2673-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 17.06.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	22/15	22.06.2015

Nærøyfjorden landskapsvernområde - ekstra helikoptertransport til Skjerpisnuten i samband med Ekstremsportveko

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Ekstremsportveko løyve til landing med helikopter ved Skjerpisnuten i Aurland kommune i samband med sikring og førebuing av arena for basehopping. Løyvet gjeld for inntil 2 landingar på ein dag frå og med 23. juni til og med 26. juni 2015.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 1. ledd, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Omfanget av motorferdsel skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for og gjennomføre arbeidet.
- Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som råd unngår å uroe desse.
- Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 970 97 720) skal varslast dagen før transporten skal gjennomførast.
- Dette løyvet skal vera med i helikopteret under transport.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet for verneområdestyret om flygingane samtidig med rapport frå helikoptertransport til Sparkling under Ekstremsportveko.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld forhold etter verneforskrifta. Det må i tillegg innhenta løyve frå grunneigar.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Ekstremsportveko om løyve til ekstra landing med helikopter nær Skjerpisnuten, datert 17.07.2015
- Vedtak 3/14, 07.02.2014, Nærøyfjorden landskapsvernområde – søknad om landing med helikopter under Ekstremsportveko 2014 - 2019

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden 2007

Søknaden gjeld landing med helikopter for frakt av arbeidsfolk og utstyr for sikring og førebuing av arena for basehopping i veke 26 i 2015. Ekstremsportveko (Stiftinga Ekstreme Voss) har løyve frå Nærøyfjorden verneområdestyre til å landa med helikopter ved Sparkling ein dag under Ekstremsportveko i samband basehopping. Luftfartstilsynet har gjeve Ekstremsportveko konsesjon for helikopterlandingsplass på Skjerpings og Nebbet i Aurland kommune.

I år har Ekstremsportveko invitert dei beste base-utøvarane i verda til arrangementet. Ekstremsportveko skal stå for arena for «world wingsuit league», som er ein cup som føregår i ulike land over heile verda. Konkurransen på Sparkling vert kvalifisering til finale i Kina. Dei store snømengdene som er i fjellet i år skapar problem for tilkomst til basehopp-arenaen på Sparkling. For å ta vare på tryggleiken til basehopperane på startplassen (exit), vil dei laga ein sikker samlingsplass og snøfri exit for hopparane. I tillegg vert det sett opp tau slik at utøvarane på konkurransedagen kjem seg trygt ned til exit. Tau med sikring vert forankra i snøen og vert fjerna etter aktiviteten er avslutta. Dei må gjera førebuingane på Sparkling dagen før konkurransedagen for basehoppinga skal gjennomførast. Konkurransedagen er sett til 24. juni, men kan verta flytta fram til og med 27. juni avhengig av vèrforholda. Dei søker om to landingar nedanfor Skjerpisnuten ved Sparkling frå 23. juni til 26. juni, ei landing for tilflyging, og ei landing for å henta folk ned att. Begge flygingane skal vera på ein dag. På bilde i søknaden er landingsplassen avmerkt i fjellsida nedanfor Skjerpisnuten ned mot startpunkt på Sparkling («exit» for basehopping).




Foto frå søknad, landingsplass merka med pil.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med ein mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjør ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.
«Motorferdsle på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter og landing» jf. verneforskrifta § 2.1.

Denne søknaden må vurderast som unntak i særskilt høve. Forvaltningsstyresmakta kan i fylgje naturmangfaldlova § 48 «..gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og

Vurdering

I fylgje verneforskrifta er all motorferdsel forbode i verneområdet. Det må vurderast om dispensasjon til landinga er i strid med føremålet i vernevedtaket, og om det kan påverka verneverdiane nemneverdig. Kunnskapen om naturverdiane i området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, og registreringar av rovfugl. Det er ikkje kjente hekkelokalitetar i landingsområdet. Det er heller ikkje registret trua naturtypar i området (Naturbase 18.06.2015), men det er registrert villrein i nærområdet. Villreinen har i aukande grad tatt fjellområdet aust for Nærøydalen i bruk att, men villrein er ikkje registret i planlagt landingsområde. For å unngå forstyringar er det viktig å unngå lågtflyging på ruta frå Voss til landingsplassen ved Skjerpisnuten. SNO vil kunne gje informasjon om det må takast spesielle omsyn til dyrelivet ved flyging. Flyginga må avgrensast til det som er strengt naudsynt. Kunnskapsgrunnlaget jf. naturmangfaldlova § 8 er vurdert som god for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet § 9 er difor ikkje tillagt vekt i denne saka.

Det er viktig å halda motorferdsel i verneområdet på eit lågast mogleg nivå, av omsyn til naturverdiane og friluftslivet. Flygeruta frå Bømoen på Voss til Skjerpisnuten vil medføra lite flyging i verneområde. Det er ikkje gjeve løyve til anna helikoptertransport i dette området i same tidsrom. Forvaltar vurderer uro frå flyginga i området til å vera på eit akseptabelt nivå jf. naturmangfaldlova § 10. Ekstremsportveko kan ikkje pårekna at det vert gjeve løyve til ekstra landingar ved andre høve. Det er dei spesielle forholda dette året med mykje snø seint på året, og ein særskilt konkurranse som gjer saka spesiell. Arrangøren må for seinare år planleggja aktiviteten slik at det ikkje vert naudsynt med ekstra motorisert aktivitet.

Det er liten fare for miljøforring ved flyginga og landingane, og § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka. Flyginga vil berre føra til uro den tida den pågår, og vil i liten grad påverka verneverdiane i området. Helikopter vil vera den beste transportmetoden for frakt av utstyr til området. Snøskuter har vore vurdert, men det vil vera vanskeleg å koma fram til området på grunn av vanskelege snøforhold så seint på året, og det vil kunne føre til større skade både på barmark og for dyrelivet. Den valte flygeryta som går frå Voss til Skjerpisnuten vil føra til lite flyging inn i verneområdet. Forvaltar vurderer bruk av helikopter til dette føremålet som miljøforsvarleg jf. naturmangfaldlova § 12.

Forvaltar vurderer bruk av helikopter til dette føremålet til ikkje å vera i strid med verneformålet, og det påverkar verneverdiane i liten grad. Ekstremsportveko har fått løyve til helikopterlanding for å gjennomføra arrangementet. I år er det naudsynt med flyging ein ekstra dag. Forvaltar vurderer behovet for transporten som særskilt for dette arrangementet dette året, og det vil ikkje skapa presedens i andre saker. På denne bakgrunn, og vurderingane etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til landing med helikopter med heimel i naturmangfaldlova § 48.